

STRANDA KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: **Ordføraren**
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL

Tysdag, 11.02.2020 kl. 16.05 i møterom Øyna, rådhuset.

SAKLISTE:

- | | |
|-----------|---|
| Sak 01/20 | Meldingar |
| Sak 02/20 | Møtebok frå møte 10.12.2019 |
| Sak 03/20 | Bestilling av overordna analyse- og vesentlegvurdering som grunnlag for plan for forvaltingsrevisjon. |
| Sak 04/20 | Oppsummering etter interimsrevisjon 2019. |
| Sak 05/20 | Årsrapport 2019 Skatteoppkrevjaren i Stranda kommune. |
| Sak 06/20 | Årsmelding 2019 for Stranda kontrollutval. |

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post bjorn.tommerdal@sksiks.no.

Helge Kvame
leiar
(sign.)

SAK 01/20 MELDINGAR

Melding nr. 1, Brev frå Fylkesmann i Møre og Romsdal - vedtak lovlegkontroll

Melding nr. 2, Møtebok frå konstituerande møte i representantskapet i Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Melding nr. 3, kommunestyrevedtak i sak 012/20

Melding nr. 4 Tilbod om kurs

Melding nr. 1



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

STRANDA KOMMUNE
Øyna 13
6200 STRANDA

Vår dato:

12.12.2019

Vår ref:

2019/6122

Dykkar dato:

14.11.2019

Dykkar ref:

2019001104- 9

Saksbehandlar, innvalstelefon

Bente Thornes Kosberg, 71 25 84 78

Stranda kommune - vedtak i lovlegkontroll - val av kontrollutval for perioden 2019-2023

Fylkesmannen finn ikkje grunnlag for å oppheve kommunen sitt vedtak.

Fylkesmannen viser til kommunen si oversending av 14.11.19 med krav om lovlegkontroll av vedtak i KOM-sak 082/19, val av kontrollutval for perioden 2019-2023.

Fem av kommunestyret sine medlemmer har den 21.11.19 kravd lovlegkontroll av valet. Klagen rettar seg mot val av leiar av kontrollutvalet.

I møte den 13.11.19 har kommunestyret oppretthalde vedtaket i KOM-sak 082/19. Saka er etter dette oversendt fylkesmannen.

Fylkesmannens merknader:

Etter kommuneloven (koml) § 27-1 kan tre eller fleire medlemmer av kommunestyret bringe ei avgjerd i kommunen inn for fylkesmannen til kontroll av om avgjerala er lovleg. Fristen for framsetting av krav om lovlegkontroll er tre veker frå avgjerdstidspunktet.

Kravet om lovlegkontroll er her framsett av fem medlemmer av kommunestyret innafor fristen på tre veker. Vilkåra for å ta saka opp til lovlegkontroll er såleis oppfylte. Fylkesmannen kan etter dette ta stilling til om avgjerala er innhaldsmessig lovleg, om den er treft av nokon som har myndigkeit til å treffe slik avgjerd, og om den har blitt til på lovleg måte. Fylkesmannen har ikkje kompetanse til å treffe ny avgjerd i saka, berre til å oppheve kommunen si avgjerd dersom denne er ulovleg.

Avgjerd i organ med nødvendig myndigkeit

Det følgjer av koml. § 23-1 at kommunestyret vel sjølv medlemmer til kontrollutvalet.

Avgjerala er her gjort i kommunestyret, og det er såleis klart at denne er gjort av eit organ med nødvendig myndigkeit.



Val av leiari av kontrollutvalet

Klagen rettar seg mot val av leiari av kontrollutvalet. Det blir i klagen vist til at det i fleire periodar har vore kjent at Sp, Ap og KrF har vore i ein konstellasjon. Ordførar i Stranda er frå Senterpartiet, medan leiari som er valt for kontrollutvalet er frå Arbeidarpartiet. Klagarane meiner dette er i strid med reglane i ny kommunelov om at leiari ikkje kan vere frå ordførarpartiet eller gruppering.

Det går fram av koml. § 23-1, 2. ledd at leiari av kontrollutval ikkje kan vere «medlem av samme parti eller tilhøre samme gruppe som ordføreren». Det sentrale spørsmålet i denne samanheng blir kva som er å sjå på som «samme gruppe».

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i brev av 27.09.19 kome med ei avklaring av korleis ein skal forstå uttrykket «gruppe» i samband med § 23-1. Departementet viser til at ordlyden i seg sjølv ikkje gir noko klart svar på spørsmålet, og at dette heller ikkje går klart fram av lovforarbeida. Bakrunnen for at denne regelen vart teke inn i lova var eit ønske om å skape ein viss grad av politisk avstand eller uavhengigheit mellom ordføraren og leiaren av kontrollutvalet. Det blir vidare vist til at uttrykket «gruppe» blir nytta i ulike føresegner i loven, som skal ivareta ulike omsyn. Det framgår vidare at *«departementet mener at tilstrekkelig grad av uavhengighet oppnås ved at lederen av kontrollutvalget ikke tilhører samme parti eller gruppering i kommunestyret (som for eksempel samme by- eller bygdeliste) som ordføreren. Når det i Prop. 46 L (2017-2018) på side 283 argumenteres for at innehaverne av disse to verrene ikke bør være medlem av samme parti, tyder det på at det er den nære koblingen et felles partimedlemskap innebærer som loven søker å hindre, og ikke den mer perifere koblingen som oppstår mellom personer som er medlemmer av ulike partier som mer eller mindre tilfeldig stiller felles listeforslag ved valg til formannskapet eller inngår andre former for formelle eller uformelle samarbeid i løpet av valgperioden.»*

Departementet konkluderer etter dette med at *«uttrykket «gruppe» i § 23-1 andre ledd begrenser seg til kun å gjelde grupperinger eller lister som er valgt inn i kommunestyret, og som ikke er et «parti». En typisk «gruppe» vil for eksempel kunne være en by- eller bygdeliste.»*

Fylkesmannen kan etter dette ikkje sjå at den valde leiaren av kontrollutvalet kan sjåast å vere frå «samme gruppe» som ordføraren etter kommuneloven § 23-1, 2. ledd.

Fylkesmannen finn på denne bakgrunn ikkje at val av leiari av kontrollutvalet er ulovleg.

Fylkesmannens vedtak:

Med heimel i kommunelova § 27-1, jf. forskrift av 30. august 2019 nr. 1096 vedtak IX, finn fylkesmannen ikkje grunnlag for å oppheve vedtaket i KOM-sak 082/19.

Med helsing

Helge Mogstad (e.f.)
direktør

Bente Thornes Kosberg
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS (SKS IKS)**

Representantskapet

MØTEBOK

Møtedato: 23. januar 2020, kl. 12.30

Møtestad: Lerstadvegen 545, 4. etasje. i SKS IKS sine lokalar

Møtet vart leia av Torgrim B. Finnes, Ålesund kommune fram til val av ny leiar av representantskapet. Deretter leia nyvalt leiar Dag Olav Tennfjord frå Ålesund kommune møte.

Elles til stades:

Gudmund Relling, Fjord kommune, Odd Jostein Drotninghaug, Sykkylven kommune, Jan Ove Tryggestad, Stranda kommune, Dag Oksnes, Giske kommune, Jan Magnar Sandvik, Sula kommune, Dag Olav Tennfjord, Ålesund kommune, Vebjørn Krogsæter, Ålesund kommune, Håkon Lykkebø Strand, Ålesund kommune, Åge Vikestrand, Ålesund kommune, Randi Asbjørnsen, Ålesund kommune.

= **10 voterande**

Ikkje til stades: Eva Vinje Aurdal, Ålesund kommune.

Frå administrasjonen møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal

Det var ingen merknader til innkallinga og saklista blei godkjent.

Sak 01/20 Møtebok frå møte 17.10.2019 til vitande.

Representantskapet tok møteboka frå møte 17. oktober 2019 samrøystes til vitande.

Sak 02/20 Val av leiar og nestleiar i representantskapet i SKS IKS

Det låg ikkje føre innstilling til vedtak frå sekretariatet.

Jan Ove Tryggestad frå Stranda kommune fremma forslag på Dag Olav Tennfjord, Ålesund kommune som leiar av representantskapet. Vebjørn Krogsæter, Ålesund kommune fremma forslag på Jan Ove Tryggestad som nestleiar av representantskapet.

Det blei først votert over leiar og deretter votert over nestleiar.

Representantskapet sitt samråystes vedtak:

Dag Olav Tennfjord, Ålesund kommune veljast som leiar av representantskapet for perioden 2020 – 2023.

Representantskapet sitt samråystes vedtak:

Jan Ove Tryggestad, Stranda kommune veljast som nestleiar av representantskapet for perioden 2020 – 2023.

Sak 03/20 Val av styre i SKS IKS.

Nestleiar av valkomiteen Gudmund Relling ga ei orientering kring komiteens sitt arbeid og presenterte kandidatane.

Representantskapet sitt samråystes vedtak:

Som styre for Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS veljast følgjande medlemmar og varamedlemmar:

- Styreleiar Svein Ove Søholt, veljast for 4 år
 - Nestleiar Anne Lise Hessen Følsvik, veljast for 4 år
 - Styremedlem Rolf Bergmann, veljast for 2 år
-
- 1. varamedlem Gunn H. Wågsholm, veljast for 2 år
 - 2. varamedlem Randi Bakken Stavseth, veljast for 2 år
 - 3. varamedlem Thor Hansen, veljast for 2 år

Sak 04/20 Kort orientering om selskapet ved dagleg leiar Bjørn Tømmerdal

Dagleg leiar ga ei orientering om selskapet og dei utfordringane og moglegitene ein står over for. Fokus var knytt til bemanninga av selskapet i tida framover. Medlemmane fekk høve til å stille spørsmål kring desse emna.

Representantskapet sitt samråystes vedtak:

Representantskapet tek orienteringa til vitande.

Neste møte i representantskapet var avtalt til mandag 11. mai og onsdag 21. oktober, begge dagar kl. 12.30 (med lunsj frå 12.00) i Lerstadvegen 545.

Møte var slutt kl.13.50

Bjørn Tømmerdal

Dagleg leiar

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Melding nr. 3



Stranda kommune

Servicekontoret

Saksbehandlar: Evelyn Omenås

Melding om vedtak

Ole Jørgen Sve
Svegjerdet 29
6200 STRANDA

Vår ref.:
2019001104- 11

Dykkar ref.:

Arkiv:
K1 - 033

Dato:
30.01.2020

Vedtak - Søknad om fritak som medlem i kontrollutvalet i Stranda

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

29.01.2020 KOMMUNESTYRET 012/20

Søknad om fritak frå vervet som medlem i kontrollutvalet frå Ole Jørgen Sve vert avslått.

Grunngjeving:
Komunelova § 7-9, 2.ledd.

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Evelyn Omenås
Saksbehandlar

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.

Melding nr. 4

Folkevaldoplæring – 17. 3.2020 -Alexandra Hotel, Molde

Tidspunkt	Tema	Foredragsholder
09:00 – 09:30	REGISTRERING og noe å bite i	
09:30 - 09:35	Innledning	Daglig leder Jane Aspen, Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal
09:35 – 10:30	Systemsvikt i kommunal sektor - Rettslige krav til forvaltningens systeminnretning	Professor Erik Magnus Boe, UiO
10:30-10:45	PAUSE	
10:45 – 11:45	State of the Nation - Hva er tilstand i Norge for kommunale og fylkeskommunale bygg, veier, vannforsyning og avløpsanlegg? - Rådgivende ingenørers forening (RIF) sin tilstandsanalyse av infrastrukturen i Norge vil bli presentert og gjennomgått o Kommunale og fylkeskommunale bygg: https://www.rif.no/wp-content/uploads/2019/08/Bygg.pdf o Kommunale og fylkesveier: https://www.rif.no/wp-content/uploads/2019/08/Vei.pdf o VA-anleggene og –nettet: https://www.rif.no/wp-content/uploads/2019/08/Vann-Avløpsanlegg.pdf - Hvilken rolle bør kontrollutvalgene ta ovenfor sine kommuner?	FoU-leder Tom Baade-Mathiesen, Norconsult
11:45 – 12:30	LUNSJ	
12:30 – 13:10	Kommuneøkonomi - Finansielle måltall	Stabssjef for økonomi- og virksomhetsstyring Lars Kr. Fylling, Ålesund kommune
13:10– 13:45	Økonomi for ikke-økonomer - Hvordan lese og forstå kommuneregnskaper	Kommunalsjef økonomi, teknisk og næring Åge Sandsengen, Nord-Aurdal kommune
13:45 – 14:00	PAUSE	
14:00 – 15:00forts Økonomi for ikke-økonomer - Hvordan lese og forstå kommuneregnskaper - Sentrale regnskapsmessige forhold som kontrollutvalgene bør være opptatt av	Kommunalsjef økonomi, teknisk og næring Åge Sandsengen, Nord-Aurdal kommune
15:00-15:15	PAUSE – med kaffe og kake	
15:15 – 16:15	Eierskapsforvaltning - Prinsipper for god eierskapsutøvelse	Avdelingsdirektør Georg Rabl, Eierskapsavdelingen i Næringsdepartementet
16:15-16:30	PAUSE	
16:30 – 17:00	Hvordan bør kontrollutvalgene følge opp eierskapsforvaltningen	Kontrollsjef Tor Harald Hustad, Møre og Romsdal fylkeskommune

SAK 02/20 MØTEBOK FRÅ MØTE 10.12.2019

KONTROLLUTVALET I STRANDA KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato 10.12.2019 kl. 16.05

Møtestad: Formannskapssalen, kommunehuset

Møtet vart leia av: Helge Kvame

Elles til stades: Eva Rinde Habostad, Per Ingebrigtsen Karbø og Anne Melgaard Tårn

Ikkje meldt forfall: Ole Jørgen Sve

= **4 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå kommunerevisjonen møtte ansvarleg revisor Anne Nygård og Toril Roaldseth. Frå administrasjonen møtte rådmann Åse Elin Hole.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Sak 18/19 - Møtebok frå møte 20.08.2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 20. august 2019 blir teken til vitande.

Sak 19/19 - Oppgåver for kontrollutvalet. Oversikt over sakstypar, årshjul og generell informasjon om arbeidet i kontrollutvalet.

Sakspapir frå sekretariatet datert 3. desember 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Stranda kontrollutval tek saka til vitande.

Sak 20/19 - Orientering om forenkla etterlevingskontroll

Sakspapir frå sekretariatet datert 3. desember 2019

Kommunerevisjonen delte ut ein presentasjon som blei gått igjennom av Toril Roaldseth.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Stranda kontrollutval tek orienteringa til vitande.

Sak 21/19 - Overordna revisjonsstrategi 2019 for Stranda kommune.

Sakspapir frå sekretariatet datert 3. desember 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet framhevar det fokuset som er nemnd i overordna revisjonsstrategi 2019 for Stranda kommune og påpeiker viktigheten av at dette blir teke med vidare.

Sak 22/19 - Møteplan for Stranda kontrollutval 2020.

Sakspapir frå sekretariatet datert 3. desember 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

tysdag 11. februar, torsdag 2. april, tysdag 26. mai, tysdag 8. september, måndag 2. november

Eventuelt:

Sekretariatet ga ei kort orientering omkring NKRF (Norges kommunerevisors forening) sin konferanse på Gardermoen i slutten av januar 2020. Stranda kontrollutval ynskjer å melde på leiar Helge Kvame og Anne Melgaard Tårn.

Møtet var slutt kl. 17.35

Helge Kvame Per Ingebrigt Karbø Eva Rinde Habostad Anne Melgaard Tårn
leiar nestleiar medlem medlem

(sign.)

(sign.)

(sign.)

(sign.)

SAK 03/20 BESTILLING AV RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING SOM GRUNNLAG FOR PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON

Bakgrunn:

Kontrollutvalet sine oppgåver ved forvaltningsrevisjon følger av kommunelova § 23-3 og Forskrift om kontrollutval og revisjon §§ 4 og 5.

Kontrollutvalet skal rapportere og legge fram gjennomførte forvaltningsrevisjonsrapportar og resultata av disse til kommunestyret, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 4.

§ 23-3. Forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegera til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

VURDERING

Kontrollutvalet skal i denne saka bestille ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og verksemd i kommunen sine selskap. Føremålet er å finne ut kor det er størst behov for forvaltningsrevisjon. Risiko- og vesentlegvurderinga skal danne grunnlag for utarbeiding av Plan for forvaltningsrevisjon, som skal vise på kva områder det bør gjennomførast forvaltningsrevisjonar. Kontrollutvalet skal i løpet av 2020 innstille til kommunestyret om kva plan for forvaltningsrevisjon Stranda kommune skal ha denne valperioden.

Både risiko- og vesentlegvurderinga og forslag til plan for forvaltningsrevisjon kan i prinsippet verte utført og førebudd av sekretariatet. Oss har ut frå ein bestillar- og utførarmodell sett føre seg følgjande arbeidsdeling mellom kontrollutval, kontrollutvalssekretariat og revisjon:

- Kontrollutvalet bestiller ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd frå Møre og Romsdal Revisjon SA (MRR). MRR er kommunen sin revisor og kjenner kommunen sin organisasjon gjennom sitt revisjonsarbeid.

- På bakgrunn av rapport frå risiko- og vesentlegvurderinga, utarbeider sekretariatet forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2023, som vert behandla av kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret på forslag til plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023. Kommunestyret vedtek planen.
- På grunnlag av vedtatt plan for forvaltningsrevisjon bestiller kontrollutvalet forvaltningsrevisjonar utført av MRR.

For at risiko- og vesentlegvurderinga skal vere eit godt verktøy for kontrollutvalet i utarbeiding av Plan for forvaltningsrevisjon, så vert det sett følgjande krav til utarbeiding av analysa:

- Som grunnlag bør bl.a. nyttast kommunale dokument og vedtak, tilgjengelege statistikkar og tilsynsrapportar. I tillegg bør det innhentast informasjon frå administrasjonssjef, tilsette, ordførar, politikarar, kontrollutval og sekretariat.
- Det bør gjennomførast dialogmøte med kontrollutvalet/sekretariatet.
- Det skal utarbeidast ei risikomatrise som identifiserer risiko og konsekvens; Høy/uakseptabel risiko, middels risiko, lav/akseptabel risiko.
- Risiko- og vesentlegvurderinga skal leverast til kontrollutvalet v/sekretariatet seinast i løpet av våren 2020

Risiko- og vesentlegvurderinga skal gjennomførast innafor ei ramme på inntil 100 timer.

Sekretariatet si tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet i Stranda bestiller frå Møre og Romsdal Revisjon SA ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemnd og verksemnd i kommunen sine selskap innafor ei ramme på inntil 100 timer.

Risiko- og vesentlegvurderinga skal gjennomførast i tråd med det som kjem fram i saksframlegget.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

SAK 04/20 OPPSUMMERING ETTER INTERIMSREVISJON 2019

Bakgrunn:

Interimsrevisjon er den revisjonen som blir gjennomført i løpet av året for å kontrollere at dei interne kontrollane fungerer som forutsett gjennom året. I interimsrevisjonen går revisor gjennom og testar rutinar, transaksjonar og rapportering innan utvalde område.

Revisor har eit sjølvstendig fagleg ansvar for å revidere årsrekneskapen til kommunen i samsvar med lov, føresegner og god kommunal revisjonsskikk.

Rekneskapsrevisjon omfattar kommunen sin årsrekneskap, og dessutan årsrekneskapen i eventuelle kommunale føretak. Årsrekneskapane skal reviderast før dei blir lagde fram for handsaming i kommunestyret. I tillegg til revisjon av årsrekneskapen til kommunen vil også oppgåvane til revisor omfatte ei rekkje attestasjonar, til dømes meirverdiavgiftskompensasjonsoppgåvane til kommunen.

I møte tysdag 11. februar 2020 vil oppdragsansvarleg revisor Anne Nygård gje kontrollutvalet ein gjennomgang av interimsrevisjonen 2019. Hennar presentasjon ligg ved saka. Saka er førelagt rådmann for uttale. Kontrollutvalet bør etterspørre nærmare rutinar for fakturering på næringsavdelinga.

Sekretariatet si tilråding til vedtak:

Stranda kontrollutval tek oppsummeringa frå Møre og Romsdal Revisjon SA til vitande.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

OPPSUMMERING ETTER INTERIMSREVISJON 2019

STRANDA KOMMUNE

ORIENTERING I KONTROLLUTVALET 11.02.2020

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

1

MØRE OG ROMSDAL REVISJON SA FRA 01.01.2020



25 ansatte med høy kompetanse


Kontor i Kristiansund, Ålesund, Molde og en ansatt i Surnadal.

Et betydelig kompetansemiljø i Møre og Romsdal.



Representerer 219 000 innbyggere

Nye Ålesund kommune, nye Molde kommune, Fjord kommune og Hustadvika kommune sammen med 17 andre kommuner, samt Møre og Romsdal fylkeskommune



Estimert omsetning på om lag MNOK 30

Regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll, afferasjoner og rådgivning

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

2

VÅR KOMPETANSE

3

- ▶ Vi kjenner kommunene våre og kommunal sektor godt
- ▶ Vi har et bredt fagmiljø som består av:
 - ▶ Statsautoriserte revisorer
 - ▶ Registrerte revisorer
 - ▶ Samfunnsvitere
 - ▶ Statsvitere
 - ▶ Diplomert internrevisor
 - ▶ Jurist m.m.



MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

3

Agenda

4

- ▶ Vurdering av intern kontroll
- ▶ Revisjonsstrategi
- ▶ Revisjon av transaksjonsområda
- ▶ Kontroll av momskompensasjon
- ▶ Forenkla etterlevingskontroll

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

4

Vurdering av intern kontroll

5

► Internkontrollen i Stranda kommune:

- ▶ Dei interne rutinane som kommunen har etablert synes å være gode.
- ▶ Kommunen har innført generelt gode avstemnings- og oppfølgingsrutinar.
- ▶ Dei involverte personane i rekneskapsavdelinga ser ut til å ha god kompetanse og erfaring.
- ▶ Einingsleiar kontrollerar resultat på eiga eining.
- ▶ Erfaringsmessig lite avvik å rapportere.

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

5

Testing av intern kontroll

6

► Internkontrollen der einingsleiar gjennomgår resultatet på sine eininger gjennom året:

- ▶ Einingsleiarar skal gi kommentar for sine avdelingar for kvar tertialrapportering. Det blir levert eit notat frå einingsleiarane som underliggende dokumentasjon.
- ▶ For 2. tertialrapport 2019 er det manglande rapportering frå avdelingane: Plan/Miljø/Næring, Kommunalteknikk/Brannvern og Vaktmestertenesta.
Vi har motteke eigen prognose for desse områda, som viser at det er intern kontroll på økonomien

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

6

Revisjonsstrategi

7

- ▶ Investeringsprosjekt frå budsjett dokument til rapportering (prosjekthandbok)
- ▶ Utval 3 stk prosjekt på ansvarsområda: Pleie/Omsorg, Skule og Teknisk. Vi fekk tilsendt dokumentasjon frå kun 1 av dei 3 utvalde prosjekta. Det var frå Pleie/Omsorg. Prosjektleiar opplyser at dei to andre prosjekta er start opp før prosjekthandboka vart innført, og at dei ikkje har brukt denne malen
- ▶ Det kontrollerte prosjektet frå Pleie/Omsorg var tilfredstillande dokumentert. Etter vår meining har leiar for dette prosjektet etterlevd hovudprinsippa, og prosjektfasane er følgt i tråd med prosjekthandboka.

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

7

Revisjonsstrategi

8

- ▶ Bundne fond
 - ▶ Stranda kommune har bokført ein del bundne driftsfond i balansen som det har vært lite bevegelse på dei siste åra.
 - ▶ Økonomisjef tek ein gjennomgang av fonda innan årsslutt pr 31.12.2019.
 - ▶ Revisjon ikkje utført enda. Blir revidert i årsoppgjeret.

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

8

Revisjonsstrategi

9

- ▶ Rullerande kontroll av rutinar for vederlag for opphold i institusjon
- ▶ Etterrekning av vederlaget for 2018 viser at saksbehandlaren i Stranda kommune har god forståing og praktisering av regelverket.
- ▶ Det er ikke avdekket vesentlege avvik i vår stikkprøvekontroll.

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

9

Revisjonsstrategi

10

- ▶ Rutinar for fakturering på næringsavdelinga
- ▶ Med bakgrunn i at det tidlegere år har vært noko svake rutinar for fakturering på næringsavdelinga har revisjonen sendt forespurnad til einingleiaren for å kartlegge rutinane.
- ▶ Revisjonen har enda ikke mottatt svar og kan ikke uttale seg.

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

10

Revisjon av transaksjonsområda

11

► **Investering**

- kontrollert mellom anna skilje drift og investering
- kontrollert investeringsprosjekt fra budsjettet til rapportering; prosjekthandboka (Fokusområde)
- etterspurt rutinar for gjennomgang av forsikringsdekning

► **Innkjøp**

- formelle forhold av eit utval inngåande faktura er kontrollert saman med kontroll av momskompensasjon

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

11

Revisjon av transaksjonsområda

12

► **Finans**

- vurdering av finansforvaltninga opp mot finansreglementet
fastrentelån var pr 31.08 på 16,9 % medan Finans- og gjeldsreglement seier minimum 20 %
- bundne driftsfond blir kontrollert i årsoppgjeret (Fokusområde)

► **Overføring og sal**

- etterrekning av vederlag for opphold i institusjon (Fokusområde)

► **Løn**

- kontroll mot rapportering og mot budsjett
- Det er meirforbruk på lønsutgiftene, og nokre einingsleiarar har kommentert avvika

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

12

Kontroll av momskompensasjon

13

- ▶ God intern kontroll av momskodane før overføring til rekneskapen og det utføres etterkontroll i samband med kvar termin
- ▶ Ikkje vesentlege feil – feil vert korrigert

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

13

Forenkla etterlevingskontroll

14

- ▶ **Tilskot til private barnehagar**
 Frist for å fatte vedtak om satsen for tilskot er 31.oktober kvart år.
 Kommunen fatta vedtak om satsen for tilskot 2019 den 14.11.2018.
 - ▶ Kommunen har nytta rett barnetal og alder frå årsmeldinga i BASIL.
 - ▶ Kommunen har nytta rett kostnadar frå 2017-rekneskapen. Økonomirapportane som kommunen har valgt å nytte var ikkje lett sporbare i kalkylen. Dette førte til tidkrevande kontrollhandlinger.
 - ▶ **Kommunen har nytta ein reknearkmodell som ikkje er ajourført.**
Dette påverka mellom anna berekninga av pensjonen som kan føre til utslag på driftstilskotssatsen.
 - ▶ **Konklusjon:** Vi kan ikkje uttale oss om kor mykje dette påverkar driftstilskotet i kroner. Kommunen skal vurdere om dei skal utføre utrekninga på nytt.

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

14

15

“ Vi vil bidra til at innbyggerne i vårt distrikt får et enda bedre fylke å bo i ”

- Møre og Romsdal Revisjon SA

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

15

SAK 05/20 ÅRSRAPPORT 2019 SKATTEOPKREVJAREN I STRANDA KOMMUNE

Bakgrunn:

Sjå vedlagte årsrapport frå Skatteopkrevjaren i Stranda. Kontrollutvalet i Stranda kommune står som kopi på denne rapporten og den legges fram for utvalet uten nokon vidare sakshandsaming.

Hvis kontrollutvalet ynskjer å kommentere eller ta opp eitt eller fleire høve ved rapporten, står kontrollutvalet fritt til å gjere dette. Rapporten blir også sendt kommunestyret.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

vedtak:

Kontrollutvalet tek årsrapporten til vitande.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Årsrapport for 2019



**Skatteoppkrevjaren i
Stranda kommune**

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet	3
1.1 Skatteoppkreverkontoret – organisering, ressurser og kompetanse	3
1.2 Internkontroll	4
1.3 Skattekontorets kontroll av skatteoppkreverfunksjonen	5
2. Skatteregnskapet	5
2.1 Avleggelse av skatteregnskapet.....	5
2.2 Vurdering av skatteinngangen	5
2.3 Margin	5
3. Innfording av krav	6
3.1 Restanseutviklingen	6
3.2 Innfordingens effektivitet.....	8
4. Arbeidsgiverkontroll.....	9
4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen	9
4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller.....	9
4.3 Resultater fra kontrollene.....	9
4.4 Vurdering av kontrollaktiviteten.....	9
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører	9
4.6 Gjennomførte informasjons- og velledningstiltak.....	9


1. Generelt om skatteoppkrevjaren sin virksomhet

Skatteoppkrevjaren skal i henhold til Skatteoppkrevjarinstruksen § 2-9 nr. 1 utarbeide ein årsrapport i samsvar med retningslinjer gitt av Skattedirektoratet. I henhold til § 3-3 nr. 2 skal skatteoppkrevjaren og utarbeide eit årsregnskap som vedlegges årsrapporten.

Årsrapporten skal omhandle hvordan oppgavane skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjeverkontroll er ivaretatt ved skatteoppkrevjarkontoret.

1.1 Skatteoppkrevjarkontoret – organisering, ressurser og kompetanse

Organisering



Stranda kommune har interkommunal arbeidsgjevarkontroll Ålesund. Denne stillingen utgjør 30%.

Ressurser

For 2019 er det 1 årsverk som har vært benyttet til skatteoppkrevverfunksjonen.

Tabellen viser ressursbruk ved skatteoppkrevjarkontoret, fordeling av årsverk per område

	Arsverk	%-andel fordelt
Skatteregnskap		20%
Innfording		40%
Arbeidsgiverkontroll		30%
Administrative oppgaver		10%
		100 %

Vurdering av ressurrssituasjon og kompetanse

Økonomisjefen er tillagt funksjonen som skatteoppkrevjar. Økonomisjefen er dessutan ansvarleg for å utarbeide/koordinere budsjett og økonomiplan, for økonomioppfølging og rapportering, og for finansforvaltninga til kommunen.

Stranda kommune bruker 60 % stilling til skatteoppgåver. I tillegg bruker økonomisjefen om lag 10 % av arbeidstida til skatteoppkrevjarkontoret, og kommunen disponerer dessutan om lag 0,3 årsverk (for 2019) i den interkommunale arbeidsgjevarkontrollen. Til saman bruker kommunen såleis om lag 1 årsverk på arbeid med skatteinnkrevjinga.

Vi viser til instruks for skatteoppkrevjarar, og gjev følgjande utgjeining om arbeidet ved skatteoppkrevjarkontoret i rekneskapsperioden.

Innkrevjingsarbeid og føring av skatterekneskapen ligg til konsulentstillinga.

Arbeidsgjevarkontrollen står for informasjon og rettleiing i samband med kontrollar. Generell informasjon og rettleiing har skatteoppkrevjaren ansvar for. Det blir gitt informasjon om reglar og retningsliner til alle nye arbeidsgjevarar.

Kontorkontrollen er det skatteoppkrevjarkontoret sjølv som står for. Det førast kontroll med at pliktige oppgåver blir levert til rett tid, og at dei er fullstendig og korrekt utfylte. Arbeidsgjevarar som sender mangelfulle eller feil utfylte oppgåver, får tilbakemelding om dette. Det blir vidare ført kontroll med at betalinga skjer til rett tid. Kontorkontrollen blir utført løpende etterkvart som oppgåver og innbetalingar kjem inn.

Stillinga som kontoret disponerer til skatteoppgåver er nok til å utføre det daglege arbeidet med skatteinnkrevjing og føring av skatterekneskapen. Vi vurderer ressurssituasjonen ved kontoret som tilfredsstillande. I tillegg til at skatteoppkrevjar og konsulent har eit nært samarbeid i ulike skattespørsmål, har medarbeidarane ved avdelinga også fått opplæring i å handtere fleire oppgåver som gjeld skatt.

Den ressursen som kommunen disponerer, i den interkommunale arbeidsgjevarkontrollen, har ikkje vore tilstrekkeleg til å nå målet om at 5% av totalt antal arbeidsgjevarar i kommunen som skal kontrollerast.

1.2 Internkontroll

Ståle Anker Ljøen – skatteoppkrevjar har roller i Sofie som leiar.
Sissel H. Selmersen – konsulent skatt har roller i Sofie som leiar.
Sølvi B. Ringset – konsulent, avlastning skatterekneskap.

1.2.2 Bankfullmakter

Fullmakt for disponering av konto i Nordea Bank Norge ASA.

- Ståle Anker Ljøen
- Sissel H. Selmersen
- Anne Vibeke Korsedal
- Sølvi B. Ringset

1.2.3 Bankavstemming

Avstemming vert gjennomført minimum ein gong pr. veke. Skjema for bankavstemming vert brukt. Kontoutskrift og hovedboksrapport blir tatt ut. Arkivering i perm for dagsoppgjer.

1.2.5 Oppfølging av inn- og utbetalingar

Uidentifiserte innbetalingar blir fanga opp via arbeidslista og blir fortløpande plassert på rett plass. Innbetalingar som ikkje automatisk blir plassert, blir fortløpande plassert mot krav. Utbetalingar blir tatt fortløpande og gjennomført etter rutine for utbetaling.

1.2.6 Rekneskapsavstemming ved periodisk oppgjer

Utførast innan den 10. i påfølgande månad.

Rutine for periodeavslutning i SOFIE ligg på portalen.

1.2.7 Oppfølging av arbeidslister

Arbeidslista i Sofie er under dagleg oppfølging.

1.2.8 Forfalte krav

Forfalte krav blir fanga opp via arbeidslista og rapportar.

1.2.9 Arbeidsgjevarkontroll

Interkommunal arbeidsgjevarkontroll.

Stranda kommune er med i Interkommunal samarbeidsgruppe om arbeidsgjevarkontroll. Dette er eit samarbeid mellom kommunane Ålesund, Giske, Hareid, Herøy, Fjord, Sande, Stranda, Sula, Ulstein, Volda, og Ørsta.

Ålesund kommune er vertskommune.

1.2.10 Manuelle endringsavrekningar

Blir tatt hand om forløpende. Rutine og veiledning på Sofieportalen blir fulgt. Ny avrekning vert sendt skattytar saman med brev frå Skattekontoret.

1.2.11 Dokumentasjon og arkivering av rekneskapsbilag

Rekneskapsbilag blir arkivert etter rutine for dokumentasjon og arkivering av bilag.

1.3 Skattekontorets kontroll av skatteoppkreverfunksjonen

Skattekontoret har ikke gjennomført stedlig kontroll av skatteoppkreverfunksjonen i 2019.

2. Skatterekneskapet

Skatteoppkrevjarenes arbeid med skatterekneskapet innbefatter regkneskapsføring, rekneskapsavleggelse, behandling av inn- og utbetalingar, krav, periodisk oppgjør og fordeling til skattekreditorane.

2.1 Avleggelse av skatterekneskapet

Skatteoppkrevjaren bekrefter at skatterekneskapet for 2019 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldende forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevjare av 8.april 2014 § 3-3 nr. 2.

Arsrekneskapet for 2019 følger som vedlegg til årsrapporten, og er signert av skatteoppkrevjaren.

2.2 Vurdering av skatteinngangen

Det vedlagte årsrekneskapet viser skatteinngangen for rekneskapsåret 2019.

Det har vorte ein nedgang i total skatteinngang fra 2018 til 2019 på kr 513 897. Nedgangen gjeld hovedsakelig fellesskatt til staten.

Det er ein økning fra 2018 til 2019 i fordelt skatt til kommunen på **kr 1 473 757**.

Total skatte- og avgiftsinngang i forhold til foregående regnskapsår

Sjå vedlagt rapport; Årsregnskap-kommune-sammendrag

Kommunens andel av skatteinngangen i regnskapsåret

Kommuna sin andel av total skatteinngang i 2019 er 23,4%.

2.3 Margin

Ved hvert periodiske oppgjør i inntektsåret og de seks første månedene i året etter inntektsåret skal skatteoppkrever holde tilbake en bestemt prosent av innbetalt forskuddstrekk og forskuddsskatt som margin. Marginen skal brukes til oppgjør med skattytere som får til gode skatt ved avregning.

Tabellen under viser marginavsetning for inntektsårene 2018 og 2019.

	per 31.10.2019 (inntektsåret 2018)	per 31.12.2019 (inntektsåret 2019)
Innestående margin	1 565 848.-	36 071 501.-
For mye avsatt margin	1 565 841.-	
For lite avsatt margin		
Prosentsats	10	10

Kommentarer til marginavsetningen

For mykje avsatt margin for 2018 kr 1 565 841. For år 2017 var det avsatt for lite margin med kr 780 916.

Ingen endring i %-satsen for 2019.

3. Innfordring av krav

I henhold til skatteoppkreverinstruksen § 4-3 skal innfordring iverksettes uten unødig opphold etter forfall, og gjennomføres etter en helhetlig vurdering. Ved vurdering av innfordringstiltak skal skatteoppkreveren legge avgjørende vekt på tiltak som enkeltvis eller samlet bidrar til at oppgjør kan skje hurtig og effektivt, samtidig som det overfor skyldner blir utvist den hensynsfullhet og varsomhet som forholdene tillater.

3.1 Restanseutviklingen

Totale restanser og berostilte krav

Tabellen viser totale restanser og berostilte krav for 2019 og 2018, samt endring fra i fjor for restanse og berostilte krav.

Skatteart	Restanse 31.12.2019	Herav berostilt restanse 31.12.2019	Restanse 31.12.2018	Herav berostilt restanse 31.12.2018	Endring i restanse	Endring i berostilt restanse
					Reduksjon (-) Økning (+)	Reduksjon (-) Økning (+)
Sum restanse pr. skatteart	8 837 070	257 522	12 333 179	21 472	-3 507 033	236 050
Arbeidsgiveravgift	222 902	7 744	920 530	0	-697 628	7 744
Artistskatt	0	0	0	0	0	0
Finansskatt	0	0	0	0	0	0
Forsinkelsesrenter	324 555	4 304	405 124	0	-80 569	4304
Forskuddsskatt	174 037	97 999	118 635	0	55 402	97 999
Forskuddsskatt person	1 010 299	0	1 740 877	21 472	-730 578	-21 472
Forskuddstrekk	619 867	0	1 785 726	0	-1 165 859	0
Gebyr	0	0	0	0	0	0
Innfordringsinntekter	102 596	5 137	145 962	0	-43 366	5137
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	0	0	0	0	0	0
Kildeskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt	846 532	119 779	1 646 304	0	-799 772	119 779
Restskatt person	5 024 203	22 559	5 018 741	0	-5 462	22 559
Tvangsmult	512 079	0	551 280	0	-39 201	0
Sum restanse diverse krav	8 837 070	257 522	12 333 179	21 472	-3 507 033	236 050
Diverse krav	0	0	0	0	0	0
Sum restanse pr. skatteart	8 837 070	257 522	12 333 179	21 472	-3 507 033	236 050

inkl. diverse krav						
---------------------------	--	--	--	--	--	--

Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restanser

Totalt har vi ein nedgang i alle typer restansar frå 2018 til 2019, bortsett fra forskuddsskatt upersonlig. Denne hadde ein liten økning på kr 55 402.

Til saman ein nedgang i restansar på **kr 3 507 033**.

Hovedgrunnen til den store nedgangen er avskrivning av gamle restanser etter ferdig konkursbehandlingar. (7 stk konkurs og 1 ferdig gjeldsordning)

I tillegg har det vært ein stor lempningssak etter eit enkeltpersonsforetak, kor SY døde 20.12.2016.

Økning i berostilte krav fra 2018 til 2019 på **kr 236 050**.

Omfang lempning av krav – ettergivelser og betalingsavtaler

Ettergivelser	Antall debitorer	Samlet beløp
Vilkår rimelighet Sktbl. § 15-1	1	1 486 624
Vilkår innfordring Sktbl. § 15-2	0	0
Sum	1	1 486 624
Betalingsavtaler		
Skattekontoret innvilget	0	
Skatteoppkrever innvilget	0	

Restanser eldre år

Tabellen viser totale restanser eldre år og restansene på restskatt person for de samme årene.

Inntektsår	Sum restanse (debit)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2017	741 001	272 650
2016	485 607	202 086
2015	322 736	132 765
2014 – 19XX	4 329 517	-----

Kommentarer til restanser og restanseoppfølgingen for eldre år

Antall krav som var forelda pr. 31.12.2019: 1

Samla beløp på krav som var forelda pr. 31.12.2019: kr 172

Skatteoppkrevjar har gjennomgått rapporten *Restanseliste – forelda krav* dato t.o.m. 31.12.2019.

Restansa er restbeløp forsinkelsesrenter 2014 for 1 stk SY. Denne vil bli ført bort.

Ellers er restansane eldre år knytt til nåken få vanskelige SY.

3.2 Innfordringens effektivitet

Skatteart	Resultat per 31.12.2019	Resultatkrav per 31.12.2019	Differanse i forhold til krav +/-
Restskatt person 2017	14 640 355	97,00%	+1,17
Arbeidsgiveravgift 2018	105 260 638	99,80%	+0,09
Forskuddstrekk 2018	246 188 356	99,90%	+0,08
Forskuddsskatt person 2018	33 040 889	99,00%	+0,61
Restskatt 2017 upers.	25 253 790	99,40%	+0,04
Forskuddsskatt 2018 upers.	46 479 301	99,90%	-0,05

Vurdering av resultatet pr. 31.12.2019 per skatteart

Skatteoppkrevjaren ser seg fornøyd med samla resultat for 2019.

Vurdering av sammenheng mellom aktivitet og resultat

Alle skatteartane ligger over resultatkrav som er nedfelt fra skatteetaten pr 31.12.19, bortsett fra forskuddsskatt upersonlig 2018 som ligger under kravet med 0,05%.

Skatteoppkrevvers eventuelle tiltak for å bedre effektiviteten i innfordringen

Bemanningssituasjonen hos skatteoppkrevjaren er tilfredsstillende for 2019.

Omtale av spesielle forhold

Ingen forhold å kommentere.

Restanser i konkursbo – forskuddstrekk og arbeidsgiveravgift inntektsåret 2018

Forskuddstrekk 2018: kr 52 445

Arbeidsgiveravgift 2018: kr 52 114

4. Arbeidsgiverkontroll

4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen

Stranda kommune er med i Interkommunal samarbeidsgruppe om arbeidsgjevarkontroll. Dette er eit samarbeid mellom kommunane Ålesund, Giske, Hareid, Herøy, Norddal, Sande, Stordal, Stranda, Sula, Ulstein, Volda og Ørsta. Ålesund kommune er vertkommune.

4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller

Antall planlagte kontroll for 2019 var 13. Dette utgjør 5,22 % av totalt antal opplysningspliktige i kommunen.

Antall gjennomførte kontroller i 2019 var 8. Dette utgjør 3,2 % av totalt antall opplysningspliktige i kommunen.

Antall gjennomførte kontroller i 2018 var 6

4.3 Resultater fra kontrollene

Totalt antall kontroll i 2019 er 8. Kontroll med avdekka beløp 3.

Målet om å kontrollere 5% av totalt antal arbeidsgjevare i kommunen er ikkje nådd.

Beløp egenretta (inntekt og grunnlag aga) på selskapsnivå: Kr 554 285.

Beløp fra fullførte rapportar i rapporteringsåret med endringsforslag (inntekt og grunnlag aga på selskapsnivå/arbeidsgiver) forslag oversendt SKE for vedtak: Kr 2 339 929.

4.4 Vurdering av kontrollaktiviteten

Det er ikkje oppnådd måltal for antal kontrollar i 2019. Det har samanheng med at det har vært veldig uoversiktlige kontrollar som har blitt gjennomført.

Dette kombinert med at arbeidsgjevarkontrollen i 2019 har hatt fleire vakansar, nyansettelsar og opplæringsbehov.

4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører

Det har vært gjennomført tverretatlig samarbeid 3 DV, og arbeidsgiverkontrollen har også vært ute med arbeidstilsynet.

4.6 Gjennomførte informasjons- og veiledningstiltak

Det er sendt ut informasjon/veiledning til 12 nye opplysningspliktige i kommunen fra skatteoppkrevjarkontoret.

20 JAN 2020

Sted/dato:



Skatteoppkrevjarkontoret



Vedlegg: Årsregnskapet for 2019

Årsrapport 2019/10.01.2020

Skatteoppkrevjaren i Stranda kommune 2020

Vedlegg til årsregnskapet for 2019

Årsregnskapet er avlagt etter kontantprinsippet. Årsregnskapet viser skatter og avgifter mv som er innbetalt i løpet av regnskapsåret.

Innbetalte skatter og avgifter mv er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygden og staten (skattekreditorene), etter gjeldende fordelingstall.

Sumlinjene i årsregnskapet:

- **Likvider**

Likvidene i skatteregnskapet består av bankbeholdning for skatt og eventuelt kontantbeholdning.

- **Skyldig skattekreditorene**

Fordelingsoppkjøret til skattekreditorene for desember, står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkreveren skal utbetale fordelingsoppkjøret til skattekreditorene senest 10. januar.

Dersom dette er et positivt beløp, har skatteoppkreveren en fordring på skattekreditorene. Skattekreditorene skal innbetale dette beløpet til skatteoppkreveren senest 20. januar.

- **Skyldig andre**

Dette beløpet består av uidentifiserte og uplasserte innbetalinger, som ikke er fordelt til skattekreditorene pga mangfull informasjon fra den som innbetaler.

- **Innestående margin**

Ved hvert periodiske oppgjør i inntektsåret og de seks første månedene i året etter inntektsåret skal det holdes tilbake en bestemt prosent av innbetalt forskuddstrekk og forskuddsskatt som margin. Marginen skal nytties til oppgjør med skattytere som får til gode skatt ved avregning.

- **Udisponert resultat**

Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.

- **Innbetalte skatter og avgifter, Renter, Innfordring**

Dette beløpet er innbetalt arbeidsgiveravgift, finansskatt, forskuddstrekk fratrukket marginavsetning, forskuddsskatt for personlige og upersonlige skattytere, restskatt og overskytende forskudd for personlige og upersonlige skattytere, kildeskatt, tvangsmulkt samt renter og gebyrer.

- **Fordelt til skattekreditorene**

Dette er innbetalte skatter og avgifter, renter og gebyrer som er fordelt til skattekreditorene i henhold til gjeldende fordelingstall.

- **Krav som er ufordelt**

Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.

- **Videresending plassering mellom kommuner**

Dette gjelder innbetalinger i mellomregning med andre kommuners skatteregnskap.

Årsregnskap for 1525 Stranda kommune for rekneskapsår 2019.

Dato: 20.01.2020 - 10:42

Utvælgskriterier:

Kommunenr	År	Hovedbokstype
1525	2019	K

Nivå 1	Valgt år	Forrige år
Likvider	38 205 948	38 054 420
Skyldig skattekreditorene	-2 119 643	-2 459 796
Skyldig andre	-14 799	15 927
Innestående margin	-36 071 501	-35 610 546
Udelsponert resultat	-5	-5
Sum	0	0
Arbeidsgiveravgift	-108 891 418	-104 064 786
Finansskatt lønn	-147 662	-135 994
Kildeskatt mv - 100% stat	-9 892	-1 809
Naturressursskatt	-94 965	-98 774
Personlige skatteyttere	-400 261 084	-390 821 158
Tvangsmulkt	-570 653	-199 506
Upersonlige skatteyttere	-36 891 955	-52 290 668
Renter	-1 132 745	-777 425
Innfording	286 363	162 213
Sum	-547 714 011	-548 227 907
Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	108 891 418	104 064 785
Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	120 190 081	114 719 954
Fordelt til Fylkeskommunen	26 854 908	26 542 635
Fordelt til Staten	163 380 088	175 980 584
Fordelt til kommunen	128 492 480	127 018 723
Krav som er ufordelt	1	1
Videresending plassering mellom kommuner	-94 965	-98 774
Sum	547 714 011	548 227 908
Sum totalt	0	

Årsregnskap-kommune - sammendrag

Side 1 av 1

20 JAN 2020



STRANDA KOMMUNE
SKATTEOPPKREVJAREN
6200 STRANDA

Tilsagsordningen – 2019 – Jf. Retningslinje for skattemyndighetens tilsagsordninger, publ. 12.11.2019 (erstatter SKD melding 1/12 av 9. januar 2012)

Komm.nr. Skatteoppkrever/kemner:


1525 Stranda

Dette skjema skal KUN inneholde tilslagn gitt etter skattereoppkreverinstruksens ordning, jfr veilederingen

Jnr/ konkursbo	Dato	Tidligere gitt tilslagn pr. 1.1.2019 (Beløpet som føres her = ikke utbetal i ikke avsluttede boer forrige år)	Tilslagn gitt i rapporteringsåret			Utbetalinger i avsluttede boer	Frigit tilslagn i avsluttede boer	Sum pr 31.12.2019	Utbetalinger i ikke avsluttede boer	Ikke utbetal i ikke avsluttede boer	Sum tilført boet	Merdekning til skatte- /avgiftskredittorene
			Stilt av SKO	Stilt av Skattekontoret	Totalt							
		0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
			0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
			0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
			0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
			0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
			0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
			0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
			0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
			0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
			0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
			0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
			0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
			0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
			0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Sum			0	0	0	0	0	0	0	0	0	0

Kontrollsum (Skal være 0)
0

20 JAN 2020



STRANDA KOMMUNE
SKATTEOPPKREVJAREN
6200 STRANDA

Sigurd Selnes

SAK 06/20 ÅRSMELDING 2019 FOR STRANDA KONTROLLUTVAL

Kontrollutvalet i Stranda kommune

Forslag til Årsmelding 2019 - Stranda kontrollutval

Det blir vist til vedlagte forslag til årsmelding. På bakgrunn av ovanståande blir saka lagt fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

vedtak:

Det framlagte forslaget til årsmelding datert 4. februar 2019 blir vedtatt som årsmelding 2019 for Stranda kontrollutval. Årsmeldinga sendes kommunestyret til vitande.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutval sekretariat IKS

**STRANDA KOMMUNE
KONTROLLUTVALET**

ÅRSMELDING FOR VERKSEMDA I 2019

Etter Lov om kommunar og fylkeskommunar § 23-1 er det pålagt for kommunane å ha kontrollutval.

Kommunelova har som føremål at kommunen si verksemd skal:

- tilrettelegge forholda for eit funksjonsdyktig kommunalt folkestyre
- og for ei rasjonell og effektiv forvaltning av dei kommunale fellesinteressene innanfor ramma av det nasjonale fellesskapet og med sikte på ei bærekraftig utvikling.
- Legge til rette for ei tillitsskapande forvaltning som bygg på ein høg etisk standard

Dette gir mål for kontrollutvalet sitt arbeid og peikar ut ei retning for korleis utvalet skal utøve rollen sin. Desse måla skal vere å finne igjen i føremålet med både rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon selskapskontroll og andre typar kontrollar. Årsmeldinga gir informasjon om kva for oppgåver kontrollutvalet har hatt fokus på i 2019 og dermed kva utvalet har gjort for å bidra til å nå dei overordna måla.

Utvalet skal på vegne av kommunestyret stå for det løpende tilsynet med kommunen si forvaltning. Utvalet rapporterer og gir innstilling direkte til kommunestyret i saker der dette er oppgåva.

Mellan anna skal utvalet føre tilsyn med at revisjon av årsrekneskapen skjer på ein tilfredstillande måte og at det blir utført forvaltningsrevisjon og tilsyn med eigarskapet i selskap der kommunen er eigar eller deleigar i (selskapskontroll).

Etter regelverket skal kontrollutvalet ha eige sekretariat, uavhengig av administrasjonen og den valde revisjon. Sekretariatet skal mellom anna sjå til at sakene som blir lagt fram for kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd.

Etter valet i 2015 har utvalet hatt denne samansettinga:

Leiar: Inge Gjærde (H)
Nestleiar: Helge Kvame (Ap)
Medlem: Anne Melgaard Tårn (Sp)
Medlem: Eva Rinde Habostad (Krf)
Medlem: Ole Jørgen Sve (Frp)

Etter kommunevalet hausten 2019 fekk utvalet følgjande samansetting:

Leiar: Helge Kvame (AP)
Nestleiar: Per Ingebrigt Karbø (MDG)
Medlem: Anne Melgaard Tårn (Sp)
Medlem: Eva Rinde Habostad (Krf)
Medlem: Ole Jørgen Sve (Frp)

Val på leiar og nestleiar av kontrollutvalet blei påklaga av Frp si kommunestyregruppe til fylkesmannen i Molde. Dei fekk ikkje medhald i saka.

Aktiviteten i året

Kontrollutvalget har hatt 5 møte i 2019 og behandla 22 saker.

Møtebøker frå kontrollutvalet blir oversendt kommunestyret til orientering. Kommunestyret får dermed løpende oversikt over aktiviteten i kontrollutvalet. I saker der kontrollutvalet gir innstilling eller uttalar til kommunestyret blir det sendt særutskrift og saksdokument til kommunestyret. Innstillingsretten i slike saker ligg til kontrollutvalet.

Det har blitt lagt vekt på å delta i relevante fora for å halde seg oppdatert om informasjon som er aktuell for kontrollutvalet sine oppgåver. Eit viktig bidrag her har vore den årlege kontrollutvalkonferansen på Gardermoen i januar.

Når kontrollutvalget har ønska meir informasjon om kommunen si verksemد og samtidig gjere eigen funksjon meir kjent, har rådmannen blitt invitert for å orientere. Også revisor har blitt invitert til å orientere om revisjonsarbeidet.

I tillegg til behandling av kommunen sin rekneskap og årsmelding, har kontrollutvalet også sett det som ei viktig oppgåve å ha ei løpende oppfølging av kommunen sin økonomiske situasjon, mellom anna gjennom behandling av kommunen sine økonomirapportar. Vidare har kontrollutvalet arbeidd med forvaltingsrevisjon av oppfølging av minoritetsspråklege barn i Stranda kommune, ny kommunelov, høve til nytt revisjonselskap og ymse orienteringar.

Medlemene i kontrollutvalet er kjent med at kontrollutvalet sine oppgåver er mange og viktige. Derfor har det blitt gitt prioritet å styrke dette arbeidet. Kontrollutvalet har teke sikte på å bidra til at det blir skapt tillit til kommunen og at kommunen framstår som truverdig for brukarar og innbyggjarar i tenesteproduksjon, utøving av mynde og forvaltningsfunksjonar.

Tilsyns- og kontrollordninga skal medverke til å skape legitimitet til desse prosessane med ei kritisk og konstruktiv tilnærming. For å nå dette målet har det vore viktig med ein konstruktiv dialog med kommunen si politiske og administrative leiing.